

# 2020

## Årsrapport for Sirdal sokneråd



Vedteke SR-sak 5/2021  
Sirdal sokneråd 10. mars 2021

# 1. Organisasjon

## A. Soknerådet si verksemd

Gunnlaug Seland – leiar  
Hanne Fodstad – nestleiar  
Ingunn Tonstad  
Are Yngvar Myhra  
Siri Elisabeth Skagestad  
Trine Røsstad Ousdal  
Rolf P. Eriksen – sokneprest til 31/8-20  
Paul Daasvand sokneprest og møte i rådet til 31/12-20

Rolf M. Hompland – kommunen  
1.vara Gunn-Siri Ousdal  
2.vara Sissel Agathe Bø  
3.vara Tone Marit Bjørnstad  
4.vara Kenneth Omlie  
5.vara Kathrine Berge Seland

### Saker

Soknerådet har i 2020 hatt åtte møter og handsama 39 saker. To møter blei avlyst/flytta. Det blei tre nye møter, eitt meir enn planlagd. Møta har vore på Kyrkjesenteret, i Tonstad kyrkje og på Tonstadli. 11 saker har vore fellesrådssaker.

Soknerådet sitt arbeid har blei svært begrensa då pandemien kom og Norge blei stengt ned 12. mars 2020. Valde medlemmer av rådet til utval og komitear for eitt år sidan har ikkje fått kome så godt i gang, då dei ikkje har hatt dei møta som dei etter planen bruker å ha i løpet av eit år, og det har blitt færre tilbod som følgje av det.

Særskilte saker som soknerådet har arbeidd med i året som har gått, har mellom anna vore smitteverntiltak, kva kunne gjennomførast og kva måtte avlysast/utsetjast, og høyring i samband med tilsetjing av ny sokneprest. Christiane Krahnert blei tilsett med tiltreding 1. januar 2021. Det var også andre høyringar. Årsfest med årsmøte vart planlagt, men årsmøtet blei utsett og årsfesten avlyst. Arbeid

med finansiering av nye kontorlokale og vedlikehald av kyrkjene er ei anna viktig sak. Og ikkje minst viktig, korleis kan kyrkjelyden vere kyrkje i ei pandemitid når ein ikkje kan treffast fysisk til gudsteneste og andre arrangement. Det blei mange digitale løysningar, som var betre enn ingenting.

### Medlemmer av utval/komitear har vore:

#### **Kyrkjeleg administrasjonsutval**

Gunnlaug Seland  
Hanne Fodstad  
Are Yngvar Myhra  
Inger Solveig Høyland  
arbeidstakarrepresentant

#### **Forhandlingsutval:**

Gunnlaug Seland  
Hanne Fodstad  
Yngve Bjørn Søyland

#### **Gudstenesteutval**

Anne Turid Solberg Garnica  
Siv Olaus Lindeland Tonstad  
May Bente Øksendal Ousdal  
Sissel Agathe Bø  
Tone Marit Bjørnstad  
Kjetil Øygard Eidevik  
Rolf Eriksen til 31/8-20

#### **Trusopplæringsutval**

Laila Øksendal  
Grete Hegre  
Trine Røsstad Ousdal  
Inger Solveig Høyland  
Birgitta Tjørhom

#### **Diakoniutval**

Kathrine Berge Seland  
Are Yngvar Myhra  
Dagny Samslått  
Rolf Eriksen til 31/8-20

#### **Arbeidsgruppe for Grøn kyrkjelyd**

May Bente Øksendal Ousdal  
Kathrine Berge Seland  
Yngve Bjørn Søyland

#### **KNkomité**

Sven-Egil Testad  
Inger Solveig Høyland

#### **Kirkens SOS kontakt**

Kent Seland

#### **Syskenringen (frå kyrkjelyden)**

Rolf Eriksen til 31/8-20  
Inger Solveig Høyland  
Ingunn Tonstad

#### **Misjonsutval**

Aud Ingrid Fidjeland  
Sissel Agathe Bø  
Yngve Bjørn Søyland

#### **Redaksjonskomité Kyrkje og Kultur**

Sven Egil Testad  
Lars Audun Fodstad  
Sissel Agathe Bø  
Yngve Bjørn Søyland

#### **Kulturutval**

Astrid Tjørhom  
Brynhild Berg  
Ragnhild Barbro Josdal  
Hanne Fodstad  
Tone Østtveit Kvinen  
Kjetil Øygard Eidevik (permisjon)

#### **Hausttakkefest Kvæven**

Aud Ingrid Fidjeland  
Asta Lunde  
Anna Kvæven  
Ester Tjørhom

#### **Komité for julefest Kvæven**

Grete Hegre  
Anders Tjørhom  
Kjetil Øygard Eidevik  
Rolf Eriksen til 31/8-20

#### **Arbeidsgruppe for nytt kyrkjesenter**

Kenneth Omlie  
Siri Elisabeth Skagestad  
Gunnlaug Seland  
Yngve Bjørn Søyland

## 2. Personal

Mål for 2020:

- Arbeide for god rekruttering til stillingar i kyrkja lokalt.

Totalt har soknerådet 4 årsverk som er fordelt slik:

100 % Kyrkjevevjerje

100 % Organist

110 % Kyrkjelydsarbeidar

57 % Kyrkjetenar

37 % Reinhaldar

Denne årsrapporten speiler verkelegheita i året med pandemi. Mykje blei stengt ned, men mykje blei også gjennomført med smitteverntiltak, alternative digitale tilbod på sosiale medier, både Facebook men også heimsida, særleg i perioden då Norge vart heilt stengt ned, 12. mars til 23. mai. Noko frå kyrkja sentralt blei også nytta. Det var mange tilbod på sosiale kanalar, men eige produsert med deltakarar frå vår eigen kommune har vore godt likt. Det blei to månader utan gudstenester. Gravferder blei gjennomført med inntil 25 personar i ein periode, noko som var særleg uheldig for pårørande når dei var i ein sårbar situasjon, og i tillegg var det avstandskrav som gjorde det ekstra sårt og vanskeleg å uttrykke medkjensle.

Vi håper 2021 blir eit normalår, sjølv om januar 2021 begynner som det slutta, med avlysingar og avgrensingar for å hindre smittespreiing. Men det ser lysare ut nå når dei er i gong med å vaksinere.

Møter i stab, sokneråd, utval og komitear har ikkje kunne gjennomførast fysisk, nokre har likevel fått til møter innimellom, fysisk eller digitalt. Det har vore planlagt alternative tilbod til fysiske samlingar. Møter for staben har vore digitalt i delar av året, då det blei krav om

heimkontor. Det har vore krevjande og utfordrande. Å møtast til gudsteneste og andre samlingar av mange slag er viktig for kyrkjelyden. Digitale tilbod kan aldri erstatte dette, men har vore eit supplement så langt det har vore mogleg for tilsette og andre. Det har også vore tilbod frå kyrkja sentralt og frå andre kyrkjelyder i nærleiken. Men lokalproduserte tilbod opplevast å koma nærare folket i Sirdal.

Det har ikkje vore permisjonar som følgje av pandemien.

Vi er glade for at ein har lukkast på mange måtar med å nå fram til barn og ungdom på ulikt vis. Også sneglepost har vore nytta for å få materiell til heimen.

Mesteparten av drifta er finansiert av Sirdal kommune, men noko kjem også i form av eit kronebeløp frå Kyrkjerådet og bispedømmerådet (trusopplæring). Organiststillinga har vore noko redusert også i 2020 (90%). I tillegg betaler soknerådet på ein kordirigentstilling (17,5%) kor tilsetjingsforholdet er i Eining for kultur (kommunen).

Det har vore permisjon i delar av stillinga for kyrkjetenar i Tonstad kyrkje, men tenesta har blitt løyst ved bruk av timevikarar. Det har vore lite sjukmeldingar i staben, med unntak av ei lengre delvis sjukmelding. I samband med ulike vikarbehov som har dukka opp i løpet av året, har både staben, tidlegare tilsette og frivillige også dette året gjort ein flott jobb for å halde ting i gang. Ein kyrkjelydsarbeidar er i permisjon kalenderåret 2021, men dei fleste tiltaka blir likevel gjennomført med smittevern og med god hjelp frå frivillige. Kyrkjevevjerjen har kontor plass på bygdetunet på Kvæven, og det har vore nyttig med tanke på alt som skal følgjast opp.

### 3. Verksemda – bygg, administrasjon og anlegg

#### A. Kyrkjene

Mål:

- Slutført omlegging til HC tilgang, 9 dører i alt, automatiske dørøpnarar for kyrkjer/tilbygg. Nytt og utvida inngangsparti på Lunde kyrkje og servicebygget.
- Malt Tonstad kyrkje, kyrkjestova og alle stålgjerder.
- Vaska Haughom kapell, Lunde kyrkje og Kvævemoen kapell.
- Smitteverntiltak frå 12. mars og ut året.
- Realisering av nytt kyrkjesenter
- Ny projektor og automatisert lerret samt

monitor til kjellaren kom på plass i Kvævemoen kapell.

Det har ikkje lukkast å få kommunen med på nødvendig finansiering av nytt kyrkjesenter i løpet av 2020. Kommunen vedtok å redusere ønska bevilling til nytt kyrkjesenter i 2021 frå 2 mill til 1 mill, mens kyrkjelyden sitt behov ved nybygg var 3 mill pluss eigenkapital på 0,5 mill. Det har likevel vore ein positiv kontakt med kommunen om nye kontor. Dette blir framleis ein viktig prioritering i 2021. Vidare ENØK-tiltak er sett noko ut i tid.

#### B. Gravplassane

Mål :

- *Leggje til rette for at gravplassane er gode stader å vere for sørgjande og andre som ferdast der*

Det gode samarbeidet med teknisk etat om drift og vedlikehald av gravplassane held fram. Ivar Skreå har ansvaret. Frå vår ståstad er gjeldande ordning god, og vi meiner den nyttar både maskin- og personalressursane på ein god måte.

ASVO har også i år hatt ansvar for gravstell på vegne av fellesrådet ved Skeihaugen, Lunde og Haughom kyrkjegardar.

Det var ikkje dugnad på kyrkjegardane. Tidlegare har det vore dugnad på Haughom og Kvævemoen, men ikkje i 2020. På Haughom hadde kommunen gjort ein flott jobb både med dette og med felling av tre. Det har vore gode tilbakemeldingar frå bygda på trefellinga. Det er lysare rundt kapellet no enn tidlegare.



## 4. Verksemda – kyrkjelyd

Statistikk	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Gudstenester o.l	71	72	74	74	74	74	39
Deltakarar	4627	4522	4986	4570	4256	4061	1941
Snitt pr gudsteneste	65,2	62,8	67,5	61,8	57,5	55	50
Dåp	16	19	15	14	15	14	11
Konfirmantar	23	17	27	19	14	20	18
Vigslar	8	5	1	6	2	4	5
Gravferder	11	16	14	14	18	10	17
Konsertar/musikkandaktar	11	8	8	10	8	6	4
Deltakarar	670	666	377	682	620	385	200

Ein har valt å ta med ein del opplysningar spesielt frå den tida Norge var stengt heilt ned 12. mars til 23. mai 2020.

**Digitale tilbod med visningar på kyrkja si heimeside og facebook:**

Heimeside tekst antall klikk:	Facebook tekst antall sett:	Facebook avspeling/video:	Facebook avspeling/video:
Preike/andakt og «Min salme»	Preike/andakt	Skjærtorsdag Påskedag 17. mai Minimum 3-4 sek. visningar	Salmer/orgelstykke Målt 14 ganger (hadde 17). Minimum 3-4 sek. visningar
Gjennomsnitt av 13	Gjennomsnitt av 13	Gjennomsnitt av 3	Gjennomsnitt av 14
220	420	240	260

### Barn og unge:

Heimeside tekst: Antall klikk	Facebook tekst antall sett:	Facebook avspeling/video Antall sett:
	Informasjon til barn og unge, aktivitetar for påska. 380	160
	Informasjon om innsamling til Fasteaksjonen (konfirmantane) 800	
330	Ein annleis påske, aktivitetar.. 140	

#### Kommentarar til tabellane:

Tala frå heimsida og Facebook er avlest tett opp til publiseringsdato. Tabellane gir et bilete på at det er mange som har fått med seg kyrkja i Sirdal sine lokale tilbod i tida då Norge var heilt stengt ned. Det var ikkje mogleg å innhente tal på kor mange som har sett meir enn 3-4 sekundars visningar av video lagt ut på Facebook.

Kyrkja sentralt bad kyrkjelydane i Norge i ei svær undersøkjing om mange opplysningar for perioden 12.

mars til 15. juni. Dei hadde også ei oppfølging av denne undersøkinga for resten av 2020 med ei ny undersøking. Mykje i desse undersøkingane har mest relevans for kyrkja sentralt og ikkje så mykje for ein liten kyrkjelyd som Sirdal. Når det er sagt, så har mange lært mykje om digital produksjon, og resultatane har vore gode, sjølv om det har vore «amatørmessig» og med dei ressursane som var tilgjengeleg hos oss. For barn og unge fekk vi ein del digitalt materiell tilsendt som vi brukte.

## A. Gudstenesteliv

Mange gudsenester har vore avlyst i perioden 15. mars fram til vi fekk ha gudsteneste igjen 24. mai . Etter denne datoen har det vore tillate og mogleg med inntil 50 personar i tillegg til medverkande. Til gravferd har det vore mogleg med inntil 25 personar i perioden då Norge var heilt nedstengt.

Gudstenesteutvalet, soknerådet og staben har også hausten og vinteren 2019/2020 arbeidd med å få til ulike typar gudstenester, både i kyrkjene og i friluft. Gudstenesteutvalet har drøfta desse sakene: Gudstenesteplan, Tro og Lys-gudsteneste, ansvar for kyrkjekaffi, hausttakkefest, konfirmantpresentasjon, gjennomføring av jule - og friluftsgudstenester, givarteneste i kyrkja / temagudsteneste, jf. brev frå biskopen, og ny gudstenesteforordning. Soknepresten er med på møtene. Eit møte i oktober blei avlyst. Leiar bestemte hausten 2020 , i samråd med soknerådsleiar, at dei skulle vente med neste møte i utvalet til ny sokneprest hadde begynt.

Talet på gudstenestedeltakarar gjekk naturlegvis ned i 2020. Det vart påmelding til alle tre gudstenestene julaftan. Det er likevel veldig positivt at så mange oppsøker julaftengudstenesta i Kvævemoen kapell. Det var to gudstenester med 100 personar til saman, pluss medverkande, mot vanleg 340-350 kvart år på ein gudsteneste. Soknerådet har diskutert fleire tiltak tidlegare for å imøtekoma innbyggjarar og hyttefolk, men førebels har det blitt ein gudsteneste julaftan med unntak av i år, da grunna avgensingane med smittevern. I Tonstad kyrkje var det som tidlegare år ein gudsteneste, også med 50 personar til stades, som var maks antall.

Det blei nokre eigne dåpsgudstenester.

Skjærtorsdag, påskedag og 17. mai blei teke opp på førehand og sendt på Facebook dei aktuelle dagane. Gudstenesta julaftan i Tonstad kyrkje blei i tillegg streama på Facebook. Det blei ein bratt læringskurve for nokre, men resultatane blei gode ut frå føresetnadene, og det vart mange gode tilbakemeldingar. Innbyggjarane sette pris på at det var lokal produksjon. Det var mange andre kyrkjelyder som produserte eige digitale tilbod, også kyrkja sentralt. Det mangla ikkje på digitale gudstenester.

Kantor hadde 17 salmar/orgelstykke på Facebook, nokre gongar midtveke, andre gongar på ein søndag, og gjerne knytt til dagens tekst. Det var eit flott tilbod i kyrkjelyden og mange sette pris på salmar dei kunne syngje med på.

Soknepresten skreiv mange andakter/preiker som han hadde midtveke på facebook men også på heimesida

og då i samband med «Min salme» som vart skriven av ein person i kyrkjelyden. «Min salme» var eit svært godt tilbod som nådde breitt ut til kyrkjelyden i den perioden kyrkjelyden ikkje fekk treffast til gudsteneste, 12. mars til 24. mai.

I tillegg til gudstenester i kyrkjer og kapell har det vore andre planlagde arrangement:

**Årsfest** og årsmøte på Tonstad blei utsett og bare årsmøtedelen blei halde i Tonstad kyrkje etter gudstenesta så seint som søndag 27. september.

**Friluftsgudsteneste** på Kvinen turiststasjon langfredag vart avlyst. På Kvinen Olsok 26. juli blei det arrangert eit treff ved Einar Kvinen sitt hus, som ligg eit par hundre meter frå turisthytta. Det vart markert at det var meir enn 40 år sidan den fyste andakten vart halde hos Gunhild Kvinen. Son av andaktshaldar den gong, Jørgen Aurebekk, var med og talte. Det var dårleg ver, og berre ca. 10-12 personar samla. Andakten og historieforteljinga vart halde i Einar sitt hus. Dette er eit samarbeid med Sirdal Historielag.

**Friluftsgudstenester** på Holmen i Sirdalsvatnet Kr. Himmelfartsdag 21. mai, vart avlyst.

2. pinsedag, 1. juni var det planlagt tur til Heimrestøl/Hompland med naturlos. Denne blei flytta til Kvæven bygdetun ved og på den store utescenen. Etter gudstenesta var det sporleik for kvar enkelt familie. Det var så vellukka at det vart fremja ønskje om å fortsetje med dette tilbodet.

Gjennom fleire år har ein også lagt til rette for å ha kyrkjetrymturar i samband med gudstenester i kyrkjene. Dei siste åra har det ikkje vore kyrkjetrym. Det kjem ikkje alltid så mange på desse kyrkjetrym-turane, men det er likevel eit fint tilbod til dei som vil og kan.

**Alle påskekudstenestene vart avlyste, også** gudstenestene med påskeprest Gûnter Theis i Øvre Sirdal.

Påskeandaktane i samband med skirennet på Josdal påskeaftan, Raubestøl og Rypekro på Øksendalheia vart også avlyst.

## B. Kyrkjemusikk

*Mål:*

- *At vi prioriterer korarbeid og det kyrkjemusikalske arbeidet*

Ragnhild Maria Sandvik er dirigent for **Tonstad barnekor**, utleigd frå kulturskolen (SMoK). Dette er ei ordning vi er svært glade for å ha. Det var ingen aktivitet frå 12. mars til sommaren. Koret deltok på fem opptredener/ gudstenester: Hausttakkefest, Tonstad kyrkje, konsert med Seven-jentene i samband med

Hallo Venn, adventsamling ute på Eliastunet, Lucia-konsert og gudsteneste julaften, Tonstad kyrkje.

Det var planlagt konsert saman med Seven-jentene 15.mars, at koret skulle syngje på gudsteneste 29.mars, delta på Påskefest 9.april og på gudsteneste 17.mai. Alt dette gjekk ut, på grunn av covid-19. Koret har hatt 10 medlemmer på våren og 14 på hausten.

Det har ikkje vore **babysong** i Tonstad kyrkje. Det har dessverre ikkje vore mogleg å få frivillige til å vera med. **Barnekoret i Kvævemoen kapell** ligg nede fordi det ikkje har vore interesse.

### Sirdal blandakor

Koret kom i gang med sosial samling i januar og hadde åtte øvingar før nedstenginga 12 mars. Dei fekk også vere med på ein flott salmefest søndag 8. mars i Nærbø kyrkje saman med Jæren Kammerkor og Gand Kyrjekor. Kyrka var fullsett, og alle var med på felle songar. I ettertid er ein glad for at ingen i kora eller forsamlinga blei smitta! I juni hadde dei sommarfest og årsmøte ute på terrassen til familien Fodstad. Alle hadde med seg eigen grillmat. Alle smittevernreglar blei følgde.

Koret har 18 betalande medlemmer. I vår døydde vårt mangeårige medlem, Aud Josdal. Ho har vore med heilt frå koret starta opp. Koret sendte blomar til Auds bære. Vi er takksame for hennar innsats.

I august var smittesituasjonen så bra at koret kunne starte med øvingar. Det blei målt opp avstand mellom korstolar, og ein fekk ansvar for oppstilling for kvar øving. Kvar songar hadde med eigen mat og drikke til pausen.

Det blei ni øvingar og to opptredingar før vi måtte stenge ned igjen frå 4. november. Etter det har koret ikkje hatt øvingar, og vi veit ikkje når det kan starte opp att.

Koret song ved avskjedsfest for sokneprest Rolf Eriksen på bedehuset etter gudstenesta 13. september og på Allehelgensgudstenesta i Lunde kyrkje 1. november. Medlemmene saknar korøvingane og ser fram til ein meir normal kvardag!

Kora og alt dei bidreg med er særskild viktig for kyrkjelydsarbeidet vårt, og vi er svært glade for dei tilboda som fins, og spesielt glade for alt dei klarte å få til i 2020, både overfor kyrkjelyden og saman i kora. Styra og leiarane har vore dyktige.

## C. Undervisning – barn og ungdom

*Mål for perioden:*

- *At flest mogleg av dei døypte tar del i kyrkja si trusopplæring*

### Trusopplæringa

Birgitta Tjørhom starta i jobben som kyrkjelydsarbeidar i 50% i januar, og Inger Solveig Høyland haldt fram i jobben som kyrkjelydsarbeidar i 60%. Året starta som vanleg med Tårnagenthelg med alle 3.klassingane i Sirdal, før alt vart annleis og Noreg stengde ned. Dette vart ei kjekk helg kor 16 flotte 3.klassingar deltok. Vidare var det planlagt fleire aktivitetar og ting som skulle skje. Men 2020 vart annleisåret, så og i trusopplæring. Våren 2020 vart ein vår der mange av dei faste opplegga måtte avlysast, og me prøvde å få til nokre alternative opplegg i staden. Alle 2.klassingane i dalen fekk ein aktivitetsbibel i posten, i staden for utdeling på gudsteneste slik det var planlagt. Barnehagebarna i alderen 3-5 år fekk ei helsing og ei klistremerkebok om påske i posten. Påskefesten med utdeling av Barnebibel til 4-åringane vart og avlyst, men me ønskte å få til ei samling for desse. Difor utsette me utdelinga frå våren til hausten i håp om at me kunne få lov til å treffe barna og foreldre igjen då.

Hausten har vore meir som vanleg. Men det har vore mange restriksjonar, og det har vore utfordrande å endre og tilpasse opplegga våre etter stadige endringar i smitteverntiltaka. Vi har likevel fått gjennomført fleire av dei vanlege trusopplæringstiltaka.

Alle treåringane var inviterte på Krøllekveld i kyrkja. Dei fekk høyre om den gode gjetar som fann att Krølle som hadde gått seg bort. Me leika, teikna og kosa oss saman i kyrkja, og det var fulltaleg oppmøte både på Kvæven og på Tonstad. Fireåringane vart til slutt inviterte slik at me kunne få lov til å gje dei Barnebibelen. Det vart to flotte samlingar. Ein for dei i Øvre Sirdal 2. september og utdeling på Hausttakkefesten 6.september. På Tonstad vart det ei fin samling og utdeling av Barnebibel med fireåringane og foreldre 17.november.

Hausttakkefesten kunne me gjennomføra nesten som vanleg. Alle 1.klassingane vart inviterte og fekk utdelt ei bok på gudstenesta.

HalloVenn kunne ikkje arrangerast på vanleg måte i 2020, men alternativet vart veldig bra. Jentegruppa Seven skulle eigentleg hatt konsert i mars. No kom dei i

staden til HalloVenn og hadde konsert for oss saman med Tonstad barnekor. Det var dumt at me ikkje kunne arrangere etter gamal mal som har fungert veldig bra, men me er glade for at me fekk til et «stillesittande» alternativ som fungerte så godt. Det var lov med 100 deltakarar. Me hadde påmelding og arrangementet vart fullt med ein gong.

Det vart og Lys Vaken for alle 6.klassingane i dalen. Dette vart i år to samlingar, utan overnatting. Temaet var å være refleksar for kvarandre, og dei fekk høyre forteljinga om venane som hjelpte den lamme mannen til Jesus. Søndag 29.november var det Lys Vaken gudsteneste på Kvæven der 6.klassingane på Sinnes deltok.

### Konfirmantar

Konfirmantåret var godt i gang då Korona snudde opp ned på tilværet vår. Skuleåret 2019/2020 var det 14 konfirmantar frå Tonstad skule og 4 konfirmantar frå Sinnes skule. 7-8 mars hadde me ei konfirmanthelg på Kvæven med ungdomsgudsteneste søndag 7.mars. Etter dette vart det stopp på fysiske samlingar ei stund, men konfirmantane fekk digitalt opplegg, samt bok og helsing i posten. Etter påske vart det og lov til å treffe konfirmantane ute i mindre grupper. Dette vart ein fin måte å treffe og prate med ungdommane på. Diverre vart konfirmantleiren avlyst, men dersom det blir leir for årets konfirmantar får fjorårets konfirmantar tilbod om å vera med. Som plaster på såret hadde me ein konfirmantlaurdag i august. Den var full av mykje aktivitet og mykje moro. Me koste oss i lag med konfirmantane. I august kunne me ha konfirmasjonsgudstenester. 18 flotte konfirmantar vart fordelte på tre gudstenester, to på Tonstad og ein på Lunde.

Skuleåret 2020/2021 er det 16 konfirmantar på Tonstad og ingen i øvredalen. Inger Solveig har hatt konfirmantopplegget hausten 2020 og Christiane tek over våren 2021.

### Kontinuerleg arbeid

Det kontinuerlege arbeidet i kyrkja slik som Trafo, Yngres og Sprell Levende på Kvæven har blitt gjennomført med diverse smitteverntiltak gjennom heile hausten. Både på Trafo og Yngres har det vore godt oppmøte, medan det på Sprell Levende har vore ein liten nedgang no i haust. Me er inne i ei periode med litt mindre årskull og dermed er det og naturleg med litt færre deltakarar. Nytt for hausten 2020 er oppstart av Fredagsklubben for barn frå 5.klasse og oppover. Dette er ein klubb der me skal være ute og vil ha ulike friluftsliv/speideraktivitetar kvar gong. I haust var det sett opp fire fredagar og tre av dei kunne gjennomførast. Dette har vore eit populært tiltak blant borna med over 20 deltakare kvar gong.

### Skule-kyrkjesamarbeid

Me er heldige og har eit godt skule-kyrkjesamarbeid i Sirdal. I vår fekk me ha Sjøkk Kyrkja med fjerde klasse

og i haust har Inger Solveig hatt vandring gjennom bibelen og utdeling av Det nye testamentet til 5.klasse. Før jul var det skulegudsteneste. Denne gongen vart det arrangert fem skulegudstenester på Tonstad og ei på Kvæven. Me er glade og takknemlege for at skulen tek kontakt og ønskjer skulegudsteneste til tross for meir organisering, også for deira del dette skuleåret.

### Trusopplæringsutvalet

Trusopplæringsutvalet har i 2020 bestått av Grete Hegre, Laila Øksendal, Trine Røsstad Ousdal i tillegg til Birgitta Tjørhom og Inger Solveig Høyland. Me hadde eit møte i juni 2020, der me informerte om arbeidet i trusopplæringa og planane framover. Oppgåver utover hausten vart fordelte. Trusopplæringsutvalet har hjelpt til ved nokre av tiltaka me har hatt i trusopplæringa.

## D. Givarteneste

Totalt kom det inn på givartenesta til TRAFØ på kr. 10.800.

## E. Diakoni og misjon

### Mål for perioden

- *At diakoni og misjon har ein sentral plass i kyrkjelyden.*
- *Arbeide for å gje eit godt kyrkjeleg tilbod til turistane*
- *Følgje opp måla i plan for grøn kyrkjelyd*

### Misjon/internasjonalt engasjement

Kyrkjelyden støtter to ulike misjonsprosjekt, og soknerådet vedtok hausten 2017 å støtte desse to prosjekta i ein ny femårsperiode. Det blir tatt opp fire ofringar ved gudstenester til kvar av desse i året, og naturlegvis er det også forbøn. Det eine prosjektet er gjennom Misjonsalliansen. Centro Creer i **Ecuador** er eit diakonalt senter for funksjonshemma born i storbyen Guayaquil. Misjonsforeininga i Øvre Sirdal støtter også Centro Creer. Kyrkjekontoret får nyheitsbrev direkte som vidaresendast til misjonskontakt i kyrkjelyden, Aud Ingrid Fidjeland og som også har eit eiga engasjement. Det andre prosjektet er eit arbeid NMS (Det norske misjonsselskap) driv blant nordafrikanske immigrantar i **Spania**. Sissel Agathe Bø er soknerådet sin kontaktperson og er også engasjert i NMS-Spania. Ho får nyheitsbrev som ho sender vidare til kyrkjekontoret. **Fasteaksjonen** til inntekt for Kirkens Nødhjelp er også ein viktig del av kyrkjelyden sitt internasjonale engasjement. Inger Solveig har hatt ansvar for dette. Konfirmantane hadde ikkje dør til dør innsamling. Det vart ein nasjonal innsamling via sosiale media. Denne var marknadsført lokalt ved bl.a. å dele informasjonen om tiltaket på sosiale media. Det kom inn 25.556 kr i 2020 gjennom den digitale fasteaksjonen (dette kjem

ikkje inn i soknerådet sin rekneskap). Året før kom det inn 34.245 kr då konfirmantane gjekk frå dør til dør.

### Diakoni og eldrearbeid

Tro og Lys-gudstenesta i Tonstad kyrkje vart avlyst pga pandemien. Dette har vore ein årleg tradisjon, der diakoniuvalet tek ansvar for å stelle i stand fest på «Møteplassen» i Litlemohagen i før gudstenesta. Desse familie-gudstenestene har vore opne for alle, og vi håper det kan bli Tro og Lys-gudsteneste i 2021.

Diakoniuvalet delte også i 2020 ut ei gåve til alle jubilantar som fylte 75, 80, 85, 90, 95 og 100 år, men bare fram til 12. mars. Dei får anten songboka Syng Med, ein bordkalender eller blomar. Mange set stor pris på denne helsinga, men mange har ikkje fått dette besøket eller helsinga i 2020.

Mange set pris på den årlege tradisjonen med å innby alle som blei konfirmert for 50 år sidan til gudsteneste i Tonstad kyrkje og middag etterpå. Ein god del 50-årskonfirmantar møtte opp, og det blei ei flott markering.



### Grøn kyrkjelyd

Sirdal kyrkjelyd er grøn kyrkjelyd, og har eit særskilt ansvar for å vere ein god forvaltar også for naturen rundt oss. Miljøvenleg reinhald i bygga våre er eit viktig tiltak. Arbeidsgruppa har ikkje hatt møte i 2020. Kyrkje og kultur har ei side om miljø i bladet. Det gir ei viktig påminning om ansvar for natur og gjenbruk. Dette er viktig i eit kyrkjeleg perspektiv, skaparverket.

## F. Kultur

### Kulturutvalet

Magnar Undheim gjekk ut av styret ved årsskiftet 2019/20. Han har vore med frå starten i 2014. Tone Østtveit Kvinen sa ja til å bli med i utvalet frå januar 2020.

Utvalet hadde konstituerande møte 30.01. Dei drøfta verksemda framover. I 2020 vart det ikkje arrangert kulturkveld. Etter utbrotet av covid 19 har ikkje utvalet vore samla. Dei vil starte opp att når situasjonen er blitt normal.

**Energifestivalen** i Sirdal i juni blei avlyst. Kyrkjelyden bruker å være godt synleg i hagen på kyrkjesenteret. Det blei ingen stand med aktivitetar og servering av kaffi, saft og vaflar.

## G. Felleskyrkjeleg arbeid

Syskenringen har representantar frå dei ulike kyrkjesamfunna i Sirdal samt organisasjonane på bedehuset, og er eit viktig samarbeidsorgan. Dei har faste ting kvart år. Noko kunne gjennomførast med smitteverntiltak og noko blei avlyst. Sprell Levande på Eliastunet i mai. 2. påskedag-gudstenesta på Haughom blei avlyst.

Dei hadde adventssamlinga på Tonstad med julegrantenninga, men gudstenesta etterpå vart avlyst. Det var midnattsmesse nyttårsaftan i Tonstad kyrkje.

## H. Samarbeid med skule og barnehage

Samarbeidet mellom kyrkje-skule og kyrkje-barnehage er godt, og planane for dette samarbeidet vert følgd opp. Se meir i kapittel C.

## I. Informasjonsarbeid

Informasjonsarbeid er eit viktig område. Bladet «Kyrkje og kultur i Sirdal» kom med fire nummer også i 2020. Det kjem gode tilbakemeldingar på bladet. Bladet er eit samarbeid med kulturkontoret i kommunen.

Det er viktig å oppdatere heimesida [www.sirdal.kyrkja.no](http://www.sirdal.kyrkja.no), for at folk ikkje skal miste interessa. No er det blitt meir vanleg at vi legg fleire hendingar ut på Facebook (fb), det viser seg å vere ein god måte å nå folk på. Også påmeldingar til nokre tiltak går på fb. Staben freistar å oppdatere sida jamleg. Meir og meir kunngjerast på kyrkja si fb-side. Den statiske informasjonen, så som kontaktinformasjon, kalender, info om arrangement osv., skal i alle høve vere oppdatert. Fb-sida til kyrkjelyden heiter [www.facebook.com/kyrkjaisirdal](https://www.facebook.com/kyrkjaisirdal). Dess fleire som

trykker «like» på denne sida og inviterer venene sine til å gjere det same, dess fleire når vi ut til med informasjon. Gjennom fb-sida når vi ut til nye grupper. Men for å gjere det, er vi altså avhengig av at mange bidreg med å trykke «like», invitere og dele det som vert lagt ut på sida. Ein kan også vurdere anna sosiale medium.

Ein annan viktig informasjonskanal er SMS-varsling. Dette er mykje nytta i konfirmantarbeidet, men også i nokon grad mot vaksne. I ungdomsarbeidet har fb lenge vore brukt som ein viktig informasjonskanal. Kyrkjekontoret leverer dessutan notisar til avisa Agder i samband med spesielle gudstenester og andre arrangement. Ved større hendingar sender vi også pressemelding til NRK.

## 5. Rekneskap

Nøkkeltal frå rekneskapan	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Driftstilskot, kommune	2994000	3202000	3298872	3380000	3240000	3275000
Tilskot andre driftstiltak	200000	200000	200000	200000	200000	400000
Tilskot frå staten	178515	137000	158.500	153181	177389	148000
<b>Bundne driftsfond</b>						
Bunde driftsfond trusopplæring	95710	95710	109929	95609	95609	70058
<b>Disposisjonsfond</b>						
Restkonto Øvre Sirdal	35099	35099	35099	35099	35099	35099
Restkonto Tonstad	26816	26816	26816	26816	26816	26816
Disposisjonsfond drift	562671	627146	181844	181844	523747	363205
Disposisjonsfond trusopplæring, ny i 2017			50000	50000	50000	50000
Driftsfond investering, ny i 2017			376640	376640	32391	32391
Investeringsfond	539318	368426	0	0	235000	235000
Årets overskot/underskot:	<b>117654</b>	<b>436641</b>	<b>580683</b>	<b>195131</b>	<b>220669</b>	<b>0</b>
Ofringar til andre organisasjonar inkl. misj.pr	217839	184661	169281	145911	147330	83214
Innsamling til Fasteaksjonen	45650	35196	46665	36696	32396	0
Offer til kyrkjelydsarbeidet	16715	28860	34900	30742	35920	37305
Kollekt ved konsertar	0	0	4422	8601	7596	0
Givarteneste	47200	61.000	13600	13000	10300	10800

Tabellen viser utviklinga av tilskot, frie midlar (fonda), overskot/underskot og offer/gåver/innsamla midlar dei siste åra.

Sirdal kommune vedtok overføringar til drifta av kyrkja til same nivå som året før. Ekstraordinære tiltak til vedlikehald av kyrkjer blei kr. 400.000 mot kr. 200.000 i 2019, noko som gjorde det mogleg å vaske og male Tonstad kyrkje, kyrkjestova og rekkverk.

Pandemien forårsaka avlysingar av gudstenester og andre arrangement og mange endringar gjennom året. Blant anna blei det mindre bruk av vikarar. Budsjettert lønnsauke blei ikkje ein like stor utgift i 2020. Resultatet av lønnsforhandlingane i kyrkjeleg sektor for 2020 vart i staden på nyåret 2021. Det er utfordrande å budsjettere pensjonsutgifter då reguleringspremien kan variere mykje frå år til år.

Det blei en del utgifter som oppstod som følgje av pandemien, blant anna innkjøp av antibac og tilhøyrande utstyr. Med bakgrunn i lågare lønnsutgifter var det mogleg å ta noko meir vedlikehald. Kyrkjene Lunde, Haughom og Kvævemoen ble vaska utvendig. Med bakgrunn i stadige utfordringar med straumbrot på Kvæven blei det skifta til jordfeilbrytar på kvar automatsikring.

Husleiga på Eikestølhuset blei indeksregulert frå 2003 og beløpet på kr. 102.000 blei overført til Eikestølhuset og avsett til bunde fond. Dette er leige som soknerådet mottok for å stille lokalar til disposisjon for fellesrådet si kontordrift.

Budsjettering av inntekter på feste av graver kan gje utfordringar på anna drift. Talet på gravfester som forfell til betaling årleg kan variere med opptil hundre tusen kroner. Festeinntekter blei omtrent som budsjettert i 2020, kr. 60.000 (kr. 145.00, 2019). Meirutgifter til drift av 43 kyrkjegardane må dekkast inn av kommunens årlege tildeling til kyrkja! 43 Kyrkjegardar gjekk i minus med kr. 250.000 (kr. 152.000, 2019). Det har også mykje å seia kor mange som seier opp gravfeste.

Takkeoffer:

Det blei betydeleg nedgang i takkeoffer til andre i 2020, dette grunna at det har vore mykje færre fysiske gudstenester. Ofringar til kyrkjelyden, opp frå 36.000 til 37.000. Til andre organisasjonar, ned frå kr. 123.000 til 74.000. Av dette, ofringar til misjonsprosjekta, ned frå kr. 23.000 til 9.000. Det er naturlegvis leit for mange organisasjonar som får mykje mindre pengar overført, det inkluderer også misjonsprosjekta som kyrkjelyden støttar.

Rekneskap 2020 viser eit meirforbruk på kr. 19.074,95. Mindreforbruk 2019 kr. 220.669,60 ble iht. vedtak i sak 19/20 avsett til disposisjonsfond (denne avsetninga blir delvis strøken). Strykinga gjennomførast inntil rekneskapsmessig meirforbruk er eliminert. Årsresultatet viser etter denne strykinga (korrigeringa) kr. 0.

Kostnadene ved å drifte eit offentleg forvaltningsorgan som kyrkja er, er betydelege. Nesten alt er faste kostnader.

*43 Kyrkjegardar:*

Kommunal tenesteyting vedrørande gravplassane var kr. 962.000 mill. i 2020. Beløpet kjem fram som utgift og inntekt i rekneskapen og har ingen betydning for kyrkja si drift.

Investeringar:

Det blei ikkje overført pengar til nytt kyrkjesenter. Kyrkja har gjennom året hatt samtalar med kommunen om eigna kontortilhøve, slik dei er pålagt etter kyrkjelova og andre lover.

Varmepumpe i Haughom kapell blei utsett (kr. 75.000).

Automatiske dører til kyrkjer og HC inngangsparti Lunde kyrkje/servicebygg (kr. 362.000). Prosjektet er ferdig og avslutta.

## 6. Framtidsutsikter

Vi er glade for at rekruttering til ulike ledige stillingar har lukkast. Alle stillingar er besett, men ein person i ein mindre prosentstilling er delvis permittert etter eige ønske. Ein kyrkjejdsarbeidar er ute i permisjon i 2021 i nesten heile stillinga. Men ein har likevel klart å få mykje av desse oppgåvene utført av andre, men noko er utsett. Tilsette gjer ein

svært god jobb og står godt rusta til at dei frivillige kan oppleve å gjera ei meningsfull teneste. Dei frivillige legg ned mykje tid. Av naturlege årsaker går nokon ut av ein eller fleire teneste og nokre nye kjem til.

Mange kyrkjelyder opplever markant nedgang i dåpstala. Særleg er det bekymringsfullt når dei som sjølv er medlemmer, vel å ikkje døype borna sine. Vi har ikkje merka mykje til dette så langt, men det kan fort skje, både i dåpstala og talet på konfirmantar. Ein god måte å styrkje kyrkjelyden på, er at alle som ønskjer at kyrkja framleis

skal vere eit viktig «lim» i lokalsamfunnet og «lys og salt i verda», er trufaste med å kome til gudsteneste og frimodig oppmuntrar born og ungdomar til å ta del i trusopplæring og anna barne- og ungdomsarbeid.

Den beste måten å ta

vare på noko, er å bruke det. Det gjeld i høgste grad også kyrkja. Det er viktig at kommunen sørger for tilstrekkeleg med overføringar for drift og investeringar, slik at kyrkjene ikkje forfell.

Mange har gode minne frå mange samanhengjer i kyrkja, frå dei er heilt unge og opp gjennom oppveksten og i vaksen alder, og er stolte og glade i kyrkjene sine. For kyrkja er det viktig å sjå enkeltmenneske, både i glede og sorg. Det er håp om eit meir normalt liv når alle har fått vaksine.

### D. Mål for 2021-2024

- Oppfølging av vedlikehaldsplan frå 2011
- Få hensiktsmessige kontortilhøve for staben og ved Kyrkjesenteret
- Måling av Haughom kapell
- Måling av Lunde kyrkje
- Vidareføre arbeidet med ENØK-tiltak i kyrkjene

- Installere supplerande varme i Haughom kapell
- Installere supplerande varme i Tonstad kyrkje
- Gravplassane skal vere gode stadar å vere for sørgjande og andre som ferdast der. Installasjon av vatningsanlegg på dei to siste gravplassane, Kvævemoen og Haughom er til vurdering.
- Nye vindauge u.etg. Kvævemoen kapell er til vurdering.

## **E. Prioriteringar 2021**

- Arbeide vidare med nytt kyrkjesenter
- Feste benkar i Haughom kapell
- Måle Haughom kapell og servicebygg
- Måle Lunde kyrkje og servicebygg

